



# Vaksdal kommune

Ordfører

Politikarane i fylkestinget  
Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 14/896 - 15/7239

**Saksbehandlar:**

Eirik Haga  
eirik.haga@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

18.11.2015

## Gjeld nedlegging av Garnes vidaregåande skule

Vaksdal formannskap stiller seg bak foreldregruppa ved Garnes vgs og vil oppfordra fylkespolitikarane om å oppretthalda Garnes vidaregåande skule.

I tillegg til dei argumenta foreldregruppa fører i pennen ynksjer me at fylkestinget vektlegg følgjande:

- Mange av våre ungdomar går på skule i Arna bydel. Me er opptatt av at dei skal få eit breiast mogleg tilbod i vidaregåande skule
- Dei fylkeskommunale skuletilboda som var i Vaksdal vart lagd ned tidleg på 2000-talet.
- I fylkeskommunale planar ser HFK for seg at Arna skal bli eit regionsenter for kommunane Osterøy, Samnanger og Vaksdal. Felles vidaregåande skule er viktig for å skapa eit regionsenter.
- Det pågår ein prosess når det gjeld kommunereformen mellom Bergen kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune og Vaksdal kommune. Skal kommunane aust for Ulriken innelemmast i Bergen er det ei føresetnad at det vert oppretta eit demokratisk nivå med reell makt i Arna bydel. Ei utarming av det vidaregåande skuletilbodet i Arna vil ikkje byggja opp under ei slik bydelsreform.

Med helsing  
For Vaksdal formannskap

Eirik Haga  
Ordfører

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*